

# Referat frå møte i FAU Riska ungdomsskole

**Dato:** Mandag 08.01.24 kl. 19.00

**Stad:** Riska ungdomsskole

Navn	Klasse	Verv	Tilstede
Mette Gilje	8A		X
Kjersti Rosland	8B		X
Inger Marie Buer (Espen Roland)	8C		X
Svanhild Pettersen	8D		X
Atle Weibell	9A	Natteravnrepresentant	X
Eva Marie Aanderaa Vassbø	9B	Leder	X
Elin Johannesen	9C	SU/SMU	X
Teresa Joanne Cranner	9D	Nestleder + SU/SMU	X
Roar Andersen	10A	SU/SMU	X
Jan Roar Evensen	10B	Sekretær og kasserer	f.o.m. sak 3
Aleksandra Ramstad	10C		X
Dag-Espen Wiig	10D		
Øyvind Fjermestad		Rektor	t.o.m. sak 2.

## 1. Godkjenning av referat og innkalling

### Vedtak:

Innkalling godkjent.

Referat godkjent.

## 2. Rektor informerer

### Frukost og friminutt

Det har vore reagert på at frukosttida korta inn tida til matfriminutt på føremiddagen. Justering av pausane blei gjort frå nyttår. Elevane får no ein halv time matfriminutt og 10 minutt elles. Ny vurdering av frukosttilbodet blir gjort til sommaren. Vidareførast viss elevane nyttar seg av tilbodet.

Somme timar er nedjustert frå 70 til 65 minutt. Dette går ikkje ut over læringsutbyttet. Fråværregistrering blir no gjort under frukosten, og stel dermed ikkje tid av fyrste time. Elevane på Riska har dessutan hatt litt meir tid på skulen enn dei eigentleg skal ha pr. veke etter norma.

Frukosttida er skuletid. Lærarane skal føra forseintkoming viss elevane kjem for seint til frukost. Mobilbruk skal handterast likt som i timane. Tanken er at frukosttida skal vera relasjonsbyggjande og styrka klassemiljøet.

## **Elevtalet**

Talet på elevar går noko ned til hausten, då det som då blir 8. trinn er eit mindre kull enn det har brukt å vera.

## **Sterk&Klar**

FAU-spørsmål frå sist møte:

- Foreldre etterlysar avtale om å ikkje bruka rusmidlar, som blei nemnt på møtet for 8. trinn.
- Kan det vera mogleg å bruka same foredragshaldar til å snakka for elevane?

Rektor: skulen er berre kontaktperson for dette opplegget, det er eigentleg FAU som driv det saman med Sterk&Klar. Opplegget er sponsa, og difor sa skulen ja til å ta imot.

*(Ref. ann: Det er Stiftelsen Promenaden som sponsar Sterk&Klar-opplegg i heile fylket, men skulane må truleg betala ein eigenandel for dei to neste åra av den treårige avtalen. Skjema ligg på nettsida til Sterk&Klar, men det har ikkje kome informasjon om kor eller korleis signering av dette skal foregå. <https://www.sterkogklar.no/for-skole-fau/hva-koster-sterk-og-klar/> )*

## **Tilvalspråk**

Skulen har pr. no tilbod om fransk og tysk. Det er krav om å tilby minst eitt tilvalspråk, og skulen tilbyr altså to. I tillegg kan ein velja å tilby spansk eller russisk. Sist gong dette var oppe kom FAU med innspel, og det blei landa på fransk og tysk. Det er òg avhengig av tilgang på kompetente lærarar. Det har kome spørsmål om å bytta ut tysk eller fransk med spansk. Kva skal ein då velja bort?

- Kan hende er det for mange som vel eit tredje språk, og det går ut over motivasjonen for å læra. Inntrykket er at fråfallet er større i tysk enn i fransk.
- Engelsk fordjupning er eit mogleg tilval, men det tel ikkje som tredjespråk.
- Kva språk er tilgjengelege på vidaregåande skular i området? Skulen bør ikkje velja språk som elevane ikkje får høve til å halda fram med på vidaregåande.

FAU meiner at dei som har starta med fransk og tysk må få tilbod om å halda fram med det dei har til og med 10. trinn, og gjer framlegg om å kartleggja ynskje frå dei som no går på 7. trinn.

## **3. Mobilbruk i skulen**

Arbeidsgruppa valde å utsetja foreldreundersøking litt, og tok heller initiativ til møte med skuleleiinga før jul. God dialog, men me er ikkje i mål. Vegen vidare er at gruppa har invitert seg sjølv til møte med lærarane 30. januar.

Skulen har kjøpt inn mobilhotell, og stramma inn på mobilbruken, t.d. i frukosttida. P.t. skiljer dei mellom friminutt og time, men begge er eigentleg skuletid med same reglar.

Framover blir det viktig å spela på lag med lærarane.

Skulen kan ikkje krevja at telefonen blir levert inn, men at telefonen ikkje blir brukt i løpet av skuledagen. Det vil difor vera mogleg å ha telefonen i sekken. Skulen kan då inndra ved bruk.

## **Vedtak:**

- **Arbeidsgruppa møtar lærarane 30. januar**

- **FAU informerer foreldre om prosessen via epost (me spør skulen om å få adresser) eller Spond/Facebook-grupper**

#### **4. 17. mai**

Erfaring frå i fjor er at FAU-representantane frå barneskulane såg liten nytte av å vera med i komiteen, så det var i hovudsak 8. trinn-foreldre som var i komiteen. Tidlegare år har det vore representantar frå barneskulane òg. Representantane samlast etter FAU-møtet i dag.

**Vedtak: FAU-representantar frå barneskulane blir invitert i år òg.**

#### **5. Vårfest**

Niande trinn arrangerer. Tidlegare år har det i regi av elevrådet vore kåringar av konge/dronning på 10. trinn, kronprins/kronprinsesse på 9. trinn, prins/prinsesse på 8. trinn. Avstemminga blei i somme tilfelle gjort i skuletida. FAU er kritiske til dette.

**Vedtak: Eva har reservert kyrkja til vårfest 21. mars. Komiteen drøftar korleis ein skal handtera dette med kåringar og tek dette opp med elevrådet.**

#### **6. 10. klasseavslutning**

Somme elevar med føresette som klassekontakt/FAU-repr har slutta/bytta klasse og det manglar vara. Løysinga kan vera å få lærar til å skriva i vekeinfo, og viss ingen melder seg må ein trekkja blant føresette eller spør nokon direkte.

#### **7. Status økonomi**

FAU får 10 % av overskotet frå 17. mai. I fjor var det ca 8 400,-

Litt uavklart kor mykje ein må ha disponibelt til 17. mai-innkjøp.

Kan vårfesten arrangerast med eit større overskot til FAU, dvs. Høgare elevbetaling?

Kvar klasse må sørge for at klassekassen har nok midlar til avslutningsfest til sommaren på 10. trinn.

Informasjon som dukka opp: Hjelpegruppa for Riska bydel arrangerer foredrag med Marco Elsafadi 30. september, i samband med verdsdagen for psykisk helse. Dei fire skulane finansierer.

#### **8. Midlar til aktivitet i friminutt**

Det skal vera skulen sitt ansvar å ha utstyr til aktivitet i skulegarden og i fellesareal. FAU ynskjer likevel å ta initiativ og gjera ein innsats for å skaffa elevane noko å driva med når dei ikkje får lov til å bruka mobiltelefon. Uteområdet blir rusta opp, og det er behov for utstyr. Biljard? Sjakk med store brikker på golvet? Klassekasse kan nyttast til innkjøp, og kanskje skapar slikt eigarskap til utstyret større ansvarskjensle hjå ungdomane?

**Vedtak: Kasserar tek imot innspel frå oss andre om potensielle kjelder å søkja til, og formål å søkja om samt gode grunngevingar.**

## 9. Endra samansetjing av FAU?

Vanskeleg å få kontinuitet i FAU-arbeidet når alle representantane blir bytta ut kvart år. Somme ungdomsskular har tradisjon for å velja representantar for to år, t.d. to av klassane vel representantar for to år og to for eitt år.

**Vedtak: Eva lagar utkast til modell for å få meir kontinuitet. Tar dette opp att på neste møte.**

## 10. Eventuelt

Einherjar tilbyr eit gratis foreldre-foredrag om spel (gaming) ved ein aktiv gamer som har sitt daglege virke som produksjef i Altibox. Ord og uttrykk, kørereglar i spelverda.

**Vedtak: Me tenkjer oss litt om og drøftar dette vidare på neste møte.**

Tiltak	Beskrivelse	Ansvarlig
Mobilbruk i skolen	Sak 3: Ta vidare i møte med lærarar. Informasjon til foreldre.	Eva Espen, Kjersti, Inger Marie
17. mai	Sak 4: Samla komité til møte i januar	8. trinn-repr.
Vårfest	Sak 5: Førebu fest og invitera til 21. mars, samarbeid med skule, elevråd og klassekontaktar	9. trinn-repr.
Avslutningsfest 10. trinn	Sak 6: Førebu fest	10. trinn-repr.
Økonomi	Sak 7: Tilgang til konto????	Jan Roar
Midlar til aktivitet i friminutt	Sak 8: Søkja om støtte Koma med innspel til kjelder og formål	Jan Roar <b>ALLE</b>
FAU-kontinuitet	Sak 9: Framlegg til tiltak for meir kontinuitet til neste møte	Eva